

Leik er fokusområdet ved Kleppe SFO i august, september og oktober.

Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag.

Leik er eit av temaområda i rammeplanen for SFO. Disse tre første månadane av skuleåret kjem leik til å vere fokusområdet vårt ved Kleppe SFO. Vi skal hjelpe elevane til å byggje vennskap og til å utvikle seg gjennom leik, ved å leggje til rette for ulike typar leik og aktivitetar både inne og ute. Dei vaksne skal jobbe med å byggje relasjonar og vere til støtte og hjelp for dei borna som treng det.



Frå årsplanen vår:

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. (Fullstendig utgåve)	Korleis vi jobber med dette på Kleppe SFO
Leik	<i>Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal leggje til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring.</i>	Vi legg til rette for mykje leik og variert leik kvar dag gjennom heile året. Dei vaksne skal vere tett på for å fange opp det som skjer og rettleie barna på best moglege måte. Vi skal jamleg gjennom heile skuleåret forsøke å fornye leikesonane våre og spele på det som fengjer barna slik at leiken kan stimulere til utvikling og læring. Elevane skal stort sett få velje leik etter egne interesser og ønske. Fokusområde i august, september og oktober